

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 1

Februar 1983

37. årgang

Prestar i overvakingstenesta?

I eit festleg lag her føre jul der prestane var innbedne, vart dei helsa velkomne som representantar for overvakingstenesta. Og det tykte me sjølvstakt var morosamt påkome, både prestar og andre. Men "predikanten" la ikkje ut "teksten", so me fekk ikkje vita nett korleis han meinte han skulle tolkast. Men det er vel minst to tolkingar!

Den første er nok den dei fleste tenkte på når dei kosa seg med replikken: At prestane held auga med folk, og om dei ikkje seier noko, legg dei merke til korleis folk fer åt, slik at dei kan plassera dei der dei høyrer heime --, og elles gje dei litt vondt samvit. -- Dei som ser slik på presten, tykkjer vel ofte det kan vera greitt nok at presten er med i eit festleg lag ei stund, men at han i det minste har vit til å gå sin veg når vakse folk skal ha seg ein liten "fest".

Sjølvstakt kan det henda at ein prest fungerer slik, men sant å seia er det vel andre som er flittigare i slik overvakingstenesta, og syber for at observasjonane vert kunn-gjorde. --

Den andre tolkingmåten, som truleg få kom til å tenkja på, er at når du

får store hjarteproblem, og det gjeld livet, vert du lagd på overvaking. Og då er du glad for at det er nokon som held auga med hjartelivet ditt, og som ikkje rømer unna om det ser farleg ut, og ikkje er redd for å snakka om det som er farleg. Når det røyner på, er folk glade for at denne overvakingstenesta finst. Og om presten ikkje alltid er like velsedd, vil nok mange tykkja det er tryggare når "overvakingstenesta" er på plass når det gjeld liv--.

Men i dag vert me ofte minte om at det er viktig å tenkja på hjarta sitt og ta vare på det i god tid, og gjerne ta ein sjekk for å kontrollera at det står vel til. Kjenner du på noko som gjer deg uroleg, er det tryggast å få det undersøkt. Presten er der for at han skal stå til tenesta for hjarte "pasientar". Han skal ikkje overvaka, men vaka over kyrkjelyden. Og får han (ho) vita noko om deg, skal han ikkje fortelja det til andre, men til deg, og ikkje bruka det mot deg, men for deg! Og er han ein rett prest, vert han ikkje forskrekka kva du so fortel, for han veit noko om sitt eige hjarta, om menneskehjarta, -- og om Guds hjarta. "-- og den som kjem til meg, skal eg so visst ikkje støyta bort"-- sa den store hjartespesialisten.

CREDO

*Noen tror langt inne i seg
så ingen kan se det
andre tror mest utenpå
så nesten ingen kan tro
at de virkelig mener*

*det de sier at de tror
og noen tror så langt inne i
seg
at alle må se det
også når de ikke sier noe...*

Tone Roksand

Kirkens Nødhjelp

Fasteaksjonen 1983



I år og sender Kirkens Nødhjelp ut fastebøssene til fasteaksjonen Brød for verda. Lat oss bruka dette høvet til å gjera godt mot dei som lir naud i verda, og syna kristen nestekjærleik i praksis!

Bøssene kan leverast ved gudstendene i påskehelga, til prestane, eller soknerådsmedlemene.



Kirkens Nødhjelp i Guatemala

Situasjonen i Guatemala er katastrofal, faktisk verre enn under jordskjelvet i 1976, meiner det kristne, amerikanske tidsskriftet *Sojourners* i sitt siste nummer. 30.000 guatemalalarar er drepne i borgarkrigen dei siste fire åra. Observatørar reknar med at ein million indianarar streifar heimlause rundt i fjella på grensa til Mexico. Landsbyane og åkrane deira er bomba og brent.

Petter Skauen i Kirkens Nødhjelp fekk i november ei oppmoding frå helsedepartementet om å hjelpa med medisinar og mat til kvinnene og borna i ein av dei utbomba landsbyane, Chisec.

— Etter harde forandlingar med regjeringa i Guatemala fekk eg lov til å koma inn i den nedbomba landsbyen Chisec der 5000 utsvelte kvinner og barn sit apatiske i lange blekkskur. Det er noko av det verste eg har sett, fortel Petter Skauen i Kirkens Nødhjelp.

Den første vaskinga

Ei historie om barn i Etiopia — til barn i Noreg

Zero er ein tre år gamal gut i Sør-Etiopia. På biletet ser du at han får sin første skikkelege kroppsvask. Det er utruleg, men dessverre sant.

Søstera til Zero, Maria, kunne fortelja at born og vaksne i landsbyen der dei bur i Sør-Etiopia, skjønar at det er viktig å vaska seg dagleg for å halde kroppen rein. Men i denne landsbyen hadde det før nesten vore luksus å bruke vatn til å vaska seg i.

Grunnen var enkel. Kvinnene og jentene hadde fem kilometer å gå frå landsbyen til elva der dei i årevis hadde henta vatnet. Og krukka som dei bar på hovudet, tok berre 15 liter. Dette ikkje akkurat til matlaging og ikkje noko meir.

Har du nokon gong late vere å vaska deg ein heil dag — eller kanskje 2—3 dagar? Eller har du vore skikkeleg skiten og kjent at det tek til å klø i huda når du ikkje får vaska deg?

Halvparten av alle born i fatige land har ikkje vatn, slik at dei kan vaska seg dagleg. Då utviklar det seg lett hudsjukdomar. Ein av dei, skabb, er særst vanleg og plagsam. Det klør i huda, og ein kan få opne sår.

Maria fortel at no er alle landsbyen der dei bur, glade. Og grunnen er enkel: Landsbyen har fått ei vasspumpe. Maria seier at no får ho betre tid til å ta seg av småsøskena sine — for ho slepp å gå den lange vegen til elva etter vatn. «Nå har vi vatn midt i landsbyen», seier ho glad. «Nå kan vi endeleg bruka vatn til å vaska oss og.»



Reint vatn og nok vatn i landsbyen fører til mindre sjukdom og betre helse. Derfor sender Maria denne helsinga til alle borna i Noreg: «Eg vonar at fleire menneske i landsbyane rundt om min eigen, kan få ei vasspumpe dei og.»

Derfor lyt alle born nytte Fastebøssa til Kirkens Nødhjelp no i tida fram til påske. Då kan dei skaffe reint vatn til mange fleire menneske.



Sjå det nye året

Tone: Gamleåret seig i hav.

Sjå det nye året som
ifrå høge himmelheimen
gjennom skoddetåke-eimen
vinternatten til oss kom.
Over bråe bratte tinder
fram frå gråe mørke sky,
sakte stigende opprinner
i en stille morgongry.

Og vi stemmer i en sang
om den jord vi har i eie
her på våre vandringsveie
møtes vi ennu engang.
Og det år som er til ende
i den store storm og strid
som vi ingen vet kan hende
her i denne nye tid.



Foto: Gunnar Nordmark

Å om vi med hånd i hånd
alle land og folkeskarer
kunde uten frykt for farer
knytte gode venskapsbånd
for å leve bo og bygge
og la Gud få være med
på vår vei her følge trygge
i en varig verdensfred.

- + - + - + -

Da jeg skrev dette diktet, tenkte
jeg på Gud, hvor god han er, og gir
oss alt her i denne verden for at
vi skulle få leve, bo og bygge, og
dele med hverandre all den grøde,
i både stort og smått.
Men så lenge vi ikke vil lyde og

høre det Han har sagt oss, kommer
vi til å gå til grunne, som det står
i Johannes åpenbaring om Eufkrat, el-
ven der alle skal møtes i den siste
store krig. Håper at vi slipper å
oppleve det.

Vennlig hilsen A. Jensen.

Er sorg farleg?

Sorg er ei krise som dei fleste menneske møter minst ein gong i livet. Ein del sorg-forskarar ser på sorg som ei psykisk lidning i seg sjølv. Det er påvist at menneske kan stå i fare for å utvikle varige psykiske problem eller kroppslege sjukdomar. —Sorg er først og fremst ein normal reaksjon på eit stort tap, strekar Torill Christine Lindstrøm under i ein kronikk. Ho peikar på at sorg kan opne veg for personleg vekst og modning. Lindstrøm er psykolog og tilsett ved Institutt for sjukepleievitenskap, Universitetet i Bergen, skriv Nynorsk Pressekontor.

Sorg er kjenslereaksjonen på at ein har mist ein som ein har kjær. Knappt noko menneske går gjennom livet utan å oppleve sorg. I litteraturen frå ulike tider og ulike kulturar kan ein finne sorg skildra på ein slik måte at det er lett å kjenne seg sjølv og opplevinga av sorg att. Sorg er med andre ord ei allmennmenneskeleg røynsle. Lindstrøm fortel at forskning kring sorg og sorgreaksjonar tok til i byrjinga av dette hundreåret. Ein del forskarar trekte den konklusjonen at dei kjenslereaksjonane som er i sorg, som t.d. sinne, fortviling, sjølvskulding og angst, er så sterke og overveldande at sorg i seg sjølv kan karakteriserast som ei kortvarig psykisk lidning. Andre har sett skilje mellom normal sorg og sjukeleg sorg, den forskjellen ikkje ligg i at kjenslene i seg sjølv er ulike, men i styrken av dei og kor lenge sorga vare. No er det rett nok vanskeleg å skilje mellom kva som er normalt og unormalt. Det ein stort sett er

samde om, er at sorg er ein tilstand som set igang så mange og sterke kjensler i eit menneske, at det kan gå gale for nokre: sorga utviklar seg til, eller utløyser, ei psykisk lidning.

—Kroppslege reaksjonar på sorg er og noko dei fleste menneske har opplevd. Sveittetokter, åndenaud, stikk for brystet og problem med søvn og matlyst, er mellom dei vanlegaste kroppslege plagene, fortel Lindstrøm. —Ei rekkje granskingar har dessutan påvist at menneske i sorg får ein svekka helsetilstand. Hos dei fleste artar det seg slik at dei lettare får trivielle sjukdommar som går, som forkjøling og omgangssjue. Hos andre menneske kan i visse tilfelle dei lettare plagene etter kvart utvikle seg til sjukelege tilstandar eller sjukdommar. Og hos nokre er det ting som tyder på at sorga kan vere med på å utløyse eller framskunde latente sjukdommar.

Men er sorg farleg?

—Nei, meiner Lindstrøm. —Eg meiner at sorg må sjåast på som ei krise - ei av dei mange naturlige kriser som alle menneske opplever i livet. At sorg fører med seg auka risiko for utvikling av psykiske og kroppslege lidningar, må vi ikkje underkjenne, men vi må heller ikkje overdrive denne risikoen. Det meste av det vi føretekk oss i livet inneber faremoment - også det vi set mest pris på. Stressforskning har synt at sjølv gledelege hendinga i livet vårt også gjev fysiske og psykiske stress. Skulle ein unngå alle risikomoment i tilveret, ville ein gå glipp av

vesentlege sider ved sjølv livet. Dessutan er sorg noko ein neppe kan unngå. Dei mennska som unngår sorg sj ved å fortrenge ho, og med det let vere å oppleve sorga, er nettopp dei som får største problema. Dei vert aldri skikkeleg ferdig med sorga si, og dette kan plage dei gjennom heile livet, meiner Lindstrøm. Ho peikar på at berre ved å tillate seg å oppleve sorga fullt ut og reflektere over dei kjenslene ein har, verkar det som ein kan arbeide seg ut av sorga på ein god måte og innan rimeleg tid.

Innan kriseteorien snakkar ein om at det hovudsakelig finst tre måtar å kome ut av ei krise på: Enten ved å fungere dårlegare enn ein gjorde før krisa starta, fungere på same nivået, eller ein kan modne og utvikle seg gjennom krisa og kome ut av henne på eit høgare nivå. —Sorg som krise har dei same høva, og det siste vil eg framheve her, seier Lindstrøm. —Sorg er ein uhyre vond prosess, men kan og på sin måte gjeve livet rikare. Sorg gjer at ein lærer å kjenne nye sider ved seg sjølv, og gjer det ved det lettare å forstå andre i same situasjon. Dessutan vil tap av eins næraste, særskildt ektefellen, seie at ein vert nøydd til å omorganisere livet sitt på ulike måtar. Dette gjer at mange oppdagar nye ressursar og evner hos seg sjølv og nye sjansar til å utvikle desse ressursane. —Sorg er ei krise som trass i faremomenta også inneber ei utfordring til personleg vekst, seier Torill Christine Lindstrøm. (NPK)

Pakkesamling til sjøfolk

Til jul i år var det pakkesamling til sjøfolk i Vaksdal og Stammes. På biletet ser me krinssekretær Svein Grønsund med pakkane som kom inn i Vaksdal kyrkje. Om det ikkje kom inn så mange pakkar, var dei svært velkomne dei som kom, for i år var det for lite pakkar til alle sjøfolka som er glade for å få slike helsingar heimanfrå. Attåt pakkane kom det inn offer til Sjømannsmisjonen, og så var det hyggelege festar med kaffi og vafler m.m., film om Sjømannsmisjonen og orientering om arbeidet. Me reknar med at desse tilstellingane vert årvisse.



På Eidslandet hadde Ungdomsskolen laga eit fint keramikkbilete som dei ville gje til ein båt som går innom Bergen, slik at dei kunne få nærare kontakt med han. Frå Sjømannsmisjonen har me fått melding om at biletet skal få plass på ein av båtane til Pål Wilson-

Rhinlinja. På biletet ser me ungdomsskuleelevane saman med lærar Ingebjørg Mellegård Guslund. Ho er musikk lærar, og hadde øvt inn songar med elevane på barneskulen, som dei song på familiegudstenesta 17. oktober. Dei ser me på det andre biletet.



Det Norske Misjonsselskap

BERGEN KRETS
TELEFON (05) 31 00 61
POSTGIRO 5 70 02 16
BANKGIRO 9521.05.20008



Det Norske Misjonsselskap går også i år ut med invitasjon til eldre og personar med trygd til å ta ei ferievike på Misjonssenteret Kvamsseter på Kvamskogen. I år skipar ein til fem slike ferieopphald. Dei fleste ferievikene varer frå tysdag til sundag, men vike nr. to går frå onsdag til sundag. Kvart av ferieopphalda på Kvamsseter har sitt hovudtema. Bibeltimar, film, foredrag og misjonstimar er mellom tilboda ein kan vere med på. På ei av ferievikene vil vi i år freiste gje høve til å lære enkle handarbeidsteknikkar som ein kan gjere seg nytte og glede av i seinare hausttimar. Song og musikk står sentralt i ferieopphalda, likeeins tid til samtale, turgåing og avslapping. Kjøkenet serverer god mat, så alt skulle ligge vel til rettes for eit vellukka ferieopphald for dei som tek turen til Kvamsseter. Nærare opplysningar og program for ferievikene får ein ved å vende seg til NMS krinskontor, Ø. Korskirkealm. 9, 5000 Bergen, tlf. 05-310061.

- 1) 31.mai-5.juni: "Vi hörer sammen." Sokneprest Knut Hernes m/fl.
- 2) 8.-12.juni: "Vår Gud han er så fast en borg." Berner Lindeland, Mette Bagge m/fl.
- 3) 12.-17.juli: "Vet du ikke at du er rik?" Astrid Swan m/fl.
- 4) 16.-21.august: "Hvorfor lidelse?" Magne Grønlien m/fl.
- 5) 30.aug.-4.sept.: "Tilgivelsens hemmelighet". Olav Reigstad m/fl.

Den store kongen

"Den Store Kongen" vart framført av barne-og ungdomskora på Dale, Vaksdal og Starnes før jul. Folk møtte fram, og sette stor pris på den fine songen og musikken. Og for alle songarane med dirigenten Lars Ragnvaldsen i brodden var det gildt å vera saman om ei slik stor oppgåva. Me takkar for det dei gav oss, og vonar me får høyra frå dei!



«Eit piano til fru Cimino»

Nyleg gjekk det ein tankevekkjande film i TV. Ei kvinna i syttiårsalderen hadde mist mannen sin, og vart svært nedfor. Det enda med at ho vart gjort umyndig, plassert på gamleheim, og dei selde huset hennar. Men den kvinnelege styraren på gamleheimen lét ikkje dei gamle forfalla. Ho hadde eit vel gjennomtenkt "trimprogram" der dei gamle måtte øva seg i å bruka hovudet, vita kven dei sjølve var, fylgja med i samfunnslivet, og bruka sine evner. Det enda med at fru Cimino fekk sitt piano, og fekk til eit fint samspel med ein ungdomsven, og vart myndig att. Eit slikt stykke kjem med ei utfordring til oss: Korleis verkar vår eldreomsorg? Tek me vare på dei gamle, ikkje berre med å prøva å halda kroppen frisk, -men HEILE mennesket? Diverre vert altfor mange gamle i vårt land fort reduserte, og i praksis umyndig-



gjorde når dei kjem på gamle- og sjukeheimar.

Var det ikkje på tide at me verkeleg drøfta dette, og spurde etter korleis me som er yngre ville lika å ha det slik som dei eldre har det no. "Det du vil at andre skal gjera mot deg, skal du gjera mot dei---." Det er ei gamal og velkjend fortelling om småguten som læ merke til korleis faren for å mot sin far, og let han sitja i ein krok og eta av eit

simpelt trefat. Ein dag tok guten til å spikka på eit trestykke. Faren ville vita kva han skulle laga. "Eg skal laga eit trefat som du skal få til å eta av når du vert gamal!" svarta guten-----.

Dei to bileti av tre gamle vener frå ein gamleheim skal understreka spørsmålet om korleis me vil ha det når me vert gamle. Dei tre er borte no, men me lever, og mange gamle lever, - eller burde leva!

Etterjulsbrev frå Madagaskar

Frå prost Olav Fjose, som har gjort vikarteneste i kyrkjelydane våre ved fleire høve, har vi fått tilsendt eit langt og hyggeleg etterjulsbrev. For tida er han og kona på Madagaskar. I brevet fortel Fjose om julefeiring og gudstenestliv på Madagaskar — «solskinsøya i norsk misjonssoge».

Kjære vener!

Det er så mange eg skulle skrive til for å takka for sist. Og no får eg nå dykk alle gjennom eit etterjulsbrev til kyrkjebadet. — Det blei altså jul på Madagaskar i år, hjå våre to familiar her, med fire sønesøner i den eine og ein gut og to jenter i den andre.

Her på den sørlege halvkule hadde me den lengste dagen den 22. desember. Me er så nær ekvator at her er det godt og heitt, men når me bur 1400 meter over havet, er det nett passeleg varmt. Eg tykkjer det er vedunderleg.

Under desse forhold har me hatt juledagane. — Kan det vera julestemning då! vil nokon spyra. Ja, kvifor ikkje? Jesus vart ikkje fødd i ein norsk snøvinter, men i eit land og klima som minner mykje om Madagaskar. Stallen var truleg ei fjellgrotte og ikkje eit tømmerhus eller driftsbygning. Så når me har juleevangeliet som det sentrale, er det ingen fare med julestemning i sommarvarmen.

Det var ubeskriveleg herleg å få vera saman med to søner med sine ektemakar og sju barneborn langt borte frå heimlandet på julaften. Og kalkunen konkurrerer sterkt med pinnekjøtet.

Julegudstenesta saman med 3—4 tusen menneske i den lutherske kyrkja i Antsirabe var og ei oppleving, skal eg seia dykk. Ho vara i 2¼ time, og endå sat mange og song ein time før ho tok til, medan folk strøymde på. Ofringa tok ein time og 10 minutt. Men det var ein annan orden enn den me er vane med. Dei gjekk ein og ein etter ein fast plan, fyrst galleria, som måtte ut for å sleppa til, og deretter venstre sida og så høgre til slutt, i god naturleg fart, og alle sat stille til deira tur kom. Eg tykkjer det er interessant å sjå alle desse menneska, kledde i sin finaste stas — gassaren veit skilnad på helgekledde og kvardagsklede. — Anten det er juledag eller ein vanleg søndag, må vel meir enn ¾ av forsamlinga vera born og unge.

Det var to kor som song, eit ungdomskor med minst hundre og kvinneleg dirigent, og eit stort gutekor med ein del mannsstemmer. Det eine er heilt i toppklasse, på linje med det beste i vårt land, — og eg trur i verda elles, med både

klassisk og moderne repertoar, frå den gamle kulturverda og det unge Madagaskar. Dette koret, Mimosakoret, hadde elles ein fantastisk konsert seinare på juledagskvelden.

Salmesongen på Madagaskar er eit kapittel for seg. Dei harmoniserer personleg, så det blir eit kjempekor, og når då nokre tusen set i med full frygd og stemmeprakt, — kan de tenkja dykk til. — Den kristne kyrkja med dei mange konfesjonar er det mest internasjonale som finst i verda — økumenisk, seier me i bibelsk språk. Men me nordmenn er ofte så smalspora og trongsynte at me er mistenksame mot alt anna, og alt for lite mistenksame mot oss sjølve. Ved denne gudstenesta song me fire gassiske salmar og tre økumeniske. Det var «Kom, alle kristne», «Glade jul» og «Deilig er jorden».

Andre juledagen var heile vår storfamilie invitert til ei kyrkje ute på landet. Me måtte nok køyra i stein og gjørme før me kom fram, men så møtte me dette velsigna hjartelaget. Og gudstenesta var vedunderleg, i kyrkja med bølgeblekketak. Det sat folk over alt, tett i tett på kvar centimeter på golvet og utanfor i solsteiken. Dei talde over tusen menneske, fleirtalet born og unge. Barnekoret song med kraftige røyser og stor begeistring. Eg preika over dagens tekst om juleunderet. Håkon var tolk som vanleg. Den store forsamlinga, både born og vaksne, var stille og veldig opne og mottakelege. Eg tykkjer det er av dei store opplevingar i mitt liv å få fungera som misjonær på denne måten. Somme av borna i familiane hadde tryllemiddel på seg. Så me nådde dei me var ute etter. — Det er alltid ekstra meningsfylt å få forkynna for folk som ikkje er truande, anten det er på Madagaskar eller i heimlandet.

Ja, dette var nokre etterjuls tankar om våre juleopplevingar i år. Eg sender dei til kyrkjebada i ei rekkje kyrkjelydar som eg har gjort teneste i, og som eg kjenner meg knytt til. Med dette sender eg mi beste nyttårshelsing til dykk med ynskje om at de må bli velsigna i det nye året. Må Gud gje dykk nåde til å vera opne for Guds ord. Då kan store ting skje i livet vårt.

Til slutt må eg seia at eg finn meg godt til rettes med å vandra rundt i skjorte og bukse og sandalar utan strømpar på denne tid av året. Så kan det vel laga seg med ein skitur når det lid til midten av mars og me er komne heim att til gamlelandet.

Dei beste helsingar til dykk alle!

Olav Fjose.

«Eg kjenner ikkje Jesus»

Siste søndag i januar var me samla til søndagsskule. Teksten var frå Johannes evangelium 1.29-42. Eg syntest flanellografbilete av døyparen Johannes der han stod ved Jordan saman med to av læresveinane sine, då Jesus kom imot dei. Då sa Johannes: "Sjå, der er Guds lam som ber verdsens synd!" Læresveinane vart so sterkt opptekne med Jesus at dei fylgde etter han.

Me samtala litt om dette, såg på korleis dei gjekk der og snakka med Jesus for å verta kjende med han. Dette vart so stort for Andreas at han skunda seg him og fortalte det til den første han trefte heime, bror sin, og sa til han: "Me har funne Messias!"



Her er det søndagsskuleborn som syng på familiegudstenesta i Sandvik grendahus før jul

Då kjem det spontant - litt sorgfullt - frå ein 8-9 åring: "Eg kjenner ikkje Jesus." - Og blikket ba om hjelp til å bli kjend med han. - "Har du ikkje høyrte om han då?" spurde eg, "Er ddt ikkje nokon som har lese eller fortalt til deg om Jesus?" Jau, ho hadde nok høyrte litt om han på skulen. Men ingen hadde lese eller fortalt om han heime. Men no hadde ho nett begynt å lesa litt i søndagsskulebladet sjølv.

No kjem det spontant frå ein sjuåring attmed henne: "Det er ingen heime hjå meg heller som les eller fortel noko om Jesus, - og eg kan ikkje lesa heller--."

Kor mange er her ikkje i Vaksdal prestegjeld som må seia: "Eg kjenner ikkje Jesus!" Det er berre ved å lesa og høyra om han at me kan verta kjende med han, ved å vera saman med han, og snakka med han. Har du tenkt over kva du går glipp av du som held deg borte frå dette? Jesus vil so gjerne vera ilag med deg, og det er dei me bur ilag med med kjenner best.--

Eg har lyst å takka alle dykk som gjer alt de kan for at borna dykkar skø koma seg på søndagsskule. Men eg har og lyst å senda ei oppfordring til deg som ikkje bryr deg med dette: Følg det vesle barnet ditt på søndagsskule og familiegudstenesta.

Gjer alt du kan for at dei skal verta kjende med Jesus. Hugs at det er det viktigaste for store og små. Og de foreldre: Når småborna dykkar kjem heimatt med søndagsskuleblad, -ver snill og ta dykk tid til å lesa og fortelja frå det fine bladet, slik at ditt barn, litt etter litt, kan verta meir kjent med Jesus!

Venleg helsing ein av dei mange søndagsskulearbeidarane i Vaksdal prestegjeld, med Joh.17.3.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Rekneskap for 1982.
(1981 i parantes).

Inntekter:

Bladpengar	1.8315,00	(13.710,00)
Annonser	1.765,00	(2.200,00)
Tilskot	250,00	(250,00)
Renter	447,87	(571,14)
Inntekter i alt	20.777,87	(16.731,14)

Utgifter:

Prenting	18.349,00	(19.941,80)
Kasserar	400,00	(400,00)
Diverse	203,00	
Utgifter i alt	18.952,00	(20.341,80)

Overskot i 1982 kr. 1.825,87

Underskot i 1981 kr. 3.610,66

Ekka:

	1/1 1983	1/1 1982
Kassa	487,00	263,00
Postgiro	1.298,35	144,35
Bank	389,74	371,19
Reservefond	6.153,69	5.724,37
	8.328,78	6.502,91

Bladpengane fordelt:

Dale	6.735,-	36 %	(5.360,-	38 %)
Vaksdal	5.240,-	57 %	(3.765,-	55 %)
Stamnes	3.725,-	55 %	(2.735,-	54 %)
Bergsdalen	240,-	40 %	(315,-	70 %)
Flatekval	420,-	62 %	(285,-	56 %)
Nesheim	580,-	91 %	(285,-	59 %)
Utanbygds	1.375,-	59 %	(965,-	55 %)
	18.315,-	46 %	(13.710,-	46 %)

Gammersvik, 31/12 1982

Ragnar Trohjøll
Ragnar Trohjøll

kasserar

VINTERTREFF PÅ DALE

4.-6. februar var 70 unge frå Vaksdal Stanghelle, Voss, Stamnes og Dale samla til vintertreff her på Dale. Det var mykje som hende denne helga, frå spelefilm til gudstenesta. Laurdag var det to økter med ymse aktivitetar: Volleyball, biljard, forming, drama og treffkor. Formingsgruppa laga ein fin kyrkjeårskalendar i liturgiske fargar. Du kan sjå han i dåpsakristiet i Dale kyrkja. På gospelkvelden laurdag og i gudstenesta søndag førde treffkoret og drama-

gruppa fram det dei hadde arbeidd med. Temaet for treffet var: "Gud, kven er det?" Magne Steinnes hadde bibeltime over dette emnet, og det vart snakka om det i grupper etterpå. Begge kveldane vart avslutta med "Nikodemus kro". Då var det hyggeleg samtale over nysteikte vafler, og brus. Alle var samde om at dette var så fint tiltak at det må verta tradisjon med vintertreff på Dale kvart år. Dale Ten Sing.



Dei to fireåringane som ikkje fekk «Mi kyrkjebok» i haust

Frå årsstatistikken:

I alt har det vore 148 gudstenester i prestegjeldet i 1982. Vidare har prestane vore med på 211 møte og offentlege styremøte. Dei har hatt 513 sjukevitjingar og husvitjingar, 95 vitjingar på gamle og sjukeheimane, og 20 skulevitjingar. I prestegjeldet vart 50 born fødte, og 57 born døypte. 65 gjekk til konfirmasjon, og 24 brudepar vart vigde kyrkjeleg og 9 borgarleg. 47 vart jordfeste, og 8 melde seg ut or Den Norske Kyrkja. Det var til saman 1722 nattverdgjester. I offer og kollekt i kyrkjene kom det inn: Dale 31.155, Vaksdal 36.577, Bergsdalen 5235, Stamnes 23026, Flatekval 6914, Eidsland 7833 og Nesheim 11.465, i alt 122206 kr.

Kyrkjeskysen

Det har vorte mindre pengar til kyrkjeskys i prestegjeldet. Difor har sokneråda utanom Bergsdalen og Vaksdal måtta setja opp dei gudstenestene som skal ha kyrkjeruta. Det vert m.a. skyss til alle høgtidsgudstenester, konfirmasjonsgudstenester og liknande. Det vil verta kunnngjort i Vaksdalnytt og Hordaland kva gudstenester det er oppsett skyss til.

Har du bil?

Ta andre med deg når du køyrer til kyrkje!!!



Frå kyrkjebøkene



DØYPTE

DALE

- 19.12. Siri Gregersen Rosseland
25.12. Sigurd Loftheim Dale
" Andreas Kvamme
" Kenneth Andre Sandvik
02.01. Ove Andre Lid
" Magnus Forthun Solvi
" Hege Vik Indrebø
16.01. Jan Erik Soltvedt
06.02. Morten Iversen

STAMNES

- 26.12. Iselin Jahren
17.01. Benedikte Stamnes

NESHEIM

- 21.11. Kim Andre Furevikstrand
" Lin Tove Eriksen

VAKSDAL:

- 13.2. Ørjan Langhelle.



VIGDE

DALE

- 03.12. Hans Magne Pedersen Asmyhr
Mette Hasseløy
" Ole Erstad og
Marit Irene Johannesen
05.02. Øystein Kåre Jensen og
Randi Karin Fjellanger.



AVLIDNE

DALE

- Ingeborg Rørbakken f.1889
Linda Rongved f. 1972
Anna Helle f.1895
Olav Birger Kvamme f.1917
Anders O. Ringheim f.1927

STAMNES

- Mikal Langeland f.1896
Gjert Straume f.1924

- Benedikte Stamnes f.1983

VAKSDAL:

- Erling Hisdal ,f. 1928.

Kyrkjebileum på Vaksdal

I år er det femti år sidan Vaksdal kyrkja vart vigsla, og veka etter påske vert jubileumsveka. Førebels ser planane slik ut: Torsdag 7. april kl. 9.30 Skule- og familie gudstenesta. Fredag 8. Ungdomskveld. Laurdag 9. Kyrkjelydsdag med årsmøte for kyrkjelyden. Sondag 10. Jubileumsgudstenesta med festsamkoma på bedehuset, og jubileumskonserter i kyrkja om kvelden.

Det kostar meir!

Trykkeriet melder om auke i utgiftene, og difor må me setja opp bladpengane til (minst)kr. 25 for året, og me vonar mange av dykk vil støtta det vesle bladet vårt med å bruka postgiroblankettane som kjem med dette nr.

VELKOMEN TIL KYRKJE



MARS

6. - 3. søndag i faste

DALE kl.11.00. Res.kap. Sønnesy. Nattverd. Offer til Fagertun.

STAMNES kl.10.00. Res.kap. Sønnesy. Sang av Stamnes ungdomskor.

13. - 4. søndag i faste

BERGSDALEN kl.11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd. Offer til
Kirkens nødhjelp. Innsamling av fastebøsser.

EIDSLANDET kl.17.00. Fam.gudst. v/Sokneprest Steinnes.
Offer til Kirkens Nødhjelp. Innsamling av fastebøsser.

20. - Maria budskapsdag

DALE kl.11.00. Fam.gudst. v/Soknepr. Steinnes. Offer til
Kirkens Nødhjelp. Innsamling av fastebøsser.

VAKSDAL kl.11.00. Fam.gudst. v/Res.kap. Sønnesy. Offer
til Kirkens Nødhjelp. Innsamling av fastebøsser.

27. - Palmesundag

Stamnes kl.11.00. Fam.gudst. v/Res.kap.Sønnesy. Offer
til Kirkens Nødhjelp. Innsamling av fastebøsser.

NESHEIM kl.11.00. Fam.gudst. v/Soknepr. Steinnes. Offer
til Kirkens Nødhjelp. Innsamling av fastebøsser.

Kyrkjeblad for Vaksdal prestegjeld

Bladstyrarar: Per Einar Sønnesy (ansv.) og Magne O. Steinnes. Medarbeidarar: Skrivarane i sokneråda. Kasserar:
Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik. Postgiro 5 72 34 73, bankgiro 3500.50.13117. Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.
Bladpengar kr. 25,00 (eller meir) for året.

Ekspedisjon og trykk og retur til: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. (055) 55045.